

Årets trekkhund 2016

Utmerkinga «Årets trekkhund» går til ein person som har gjort ein spesiell innsats i klarspråksarbeidet i stat eller kommune.

«Klarspråkets mor» blir ho kalla, Årets trekkhund i 2016. Med eit sjeldant engasjement og ein tydeleg og gjennomtenkt plan har ho gjort omgrepet *klarspråk* kjent i verksemda si, sjølv om ho ikkje har hatt store ressursar til rådvelde. Ho har hatt ansvaret for å lage ein språkprofil i kommunen. Systematisk har ho tatt for seg område for område og fått arbeidet formelt forankra i leiargruppa. Juryen meiner det er ei bragd å få til noko slikt i ein så stor organisasjon som denne kommunen, og håpar utmerkinga vil gi arbeidet med klarspråk i kommunen endå større legitimitet.

Utmerkinga «Årets trekkhund 2016» går til Tone Fagerholt i Trondheim kommune.

Temaprisen 2016: klar formidling av negativ budskap – ein balansekunst

Kommunal- og moderniseringsdepartementet deler i år ut ein pris til eit statsorgan eller ein kommune som har jobba spesielt med tekst som formidlar ein negativ budskap i klart, godt og brukarvennleg språk.

Forholdet mellom myndigheitsutøving og eit klart og mottakarvennleg språk kan vere ein vanskelig balansegang i både stat og kommune. Dei som skriv, skal møte mottakarane med respekt, men samstundes skal dei ikkje underkommunisere at dei forvaltar regelverk og utfører samfunnsoppdraget sitt. Dette kan vere særskilt vanskeleg når dei må informere om noko som er negativt for mottakaren. Bodskaen må vere tydeleg formulert, og grunngevinga må komme godt fram, slik at mottakaren forstår kvifor vedtaket er gjort, og kva konsekvensar det får.

Med årets temapris ønskjer vi å vise at ein kan drive god saksbehandling og yte god service også når bodskaen ein formidlar, kanskje ikkje er den mottakaren har håpa på.

Juryen har vurdert tekstar frå tre kandidatar. Alle er svært gode og fortener heiderleg omtale. Kandidatane er Lånekassen, Statens innkrevjingsentral og Stavanger kommune.

Vinnarteksten er vel gjennomtenkt og klart formulert med solid grunngeving. Teksten er i bruk og fungerer godt i fleire kanalar. Vinnaren har dessutan brukartesta teksten på utvalde personar og intervjuet personar i målgruppa på mønstergyldig vis. Slik kan det dokumenterast at arbeidet har lykkast: Vinnaren har fått færre spørsmål og førespurnader.

Temaprisen 2016 går til Lånekassen for e-posten om regelendringar for grunnstipend.

Klarspråksprisen for kommunane

For første gong deler Kommunal- og moderniseringsdepartementet ut ein eigen klarspråkspris for kommunane. Prisen går til ein kommune eller fylkeskommune som har lagt ekstra vinn på å bruke eit klart, godt og brukarvennleg språk i tekstar til publikum.

Å velje ein vinnar i denne kategorien har ikkje vore noka enkel oppgåve. Juryen vil trekkje fram tre spesielt gode kandidatar, som alle var vel kvalifiserte. Dei tre er Hå kommune, Stavanger kommune og plan- og bygningsetaten i Oslo kommune.

Vinnaren har levert ein imponerende søknad som viser at klarspråkssatsinga i kommunen er lagd systematisk opp. Arbeidet med klarspråk er gjort kjent gjennom alle kanalar, og det er godt forankra i leiinga. Vinnarkommunen har lagt stor vekt på overgangen frå prosjekt til drift, mellom anna til drift i avdelingane. Kommunen dokumenterer òg at han har satsa på å heve kompetansen til dei tilsette. Dei kan vise til framifrå resultat. Dessutan har dei eit godt samarbeid og ein god tone seg imellom.

Fjorårets trekkhund, Kristin Høie Walstad, har vore ei sentral drivkraft i dette omfattande arbeidet, noko som viser kor stor rolle enkeltpersonar spelar i arbeidet med klarspråk.

Den aller første klarspråksprisen for kommunane går til Stavanger kommune.

Klarspråksprisen for staten

Det er åttande gong Kommunal- og moderniseringsdepartementet deler ut denne prisen. Også i år var det fleire gode kandidatar, og det var spesielt tre direktorat som imponerte juryen: Sjøfartsdirektoratet, Skattedirektoratet og Utdanningsdirektoratet.

Den største utfordringa i klarspråksarbeid er å presentere komplisert stoff på ein enkel måte. Her står vinnaren fram som eit føredøme for andre. Vinnaren dokumenterer eit formidabelt arbeid som er langsiktig, systematisk og velorganisert. Det kjem klart og tydeleg fram kvifor klarspråk har ein sentral plass i alt vinnaren gjer, og brukartestinga og effektmålinga viser at klarspråkstiltaka har hatt god effekt. Juryen er begeistra over at språk har fått ein så naturleg plass i utviklingsprosessane. Arbeidet vinnaren har gjort, er synleg og merkbart for dei fleste innbyggjarane og arbeidsgjevarane i landet.

Klarspråksprisen for staten går til Skattedirektoratet.